



Norconsult AS

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1158 - 15/584

Saksbehandlar:

Tore Johan Erstad

tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:

12.01.2015

Reguleringsplan for Hoplandsdalen - Orientering om sakshandsaming og høve til uttale

Meland kommune viser til kommunestyret sitt vedtak om avvising av forslag til *Reguleringsplan Hoplandsdalen Jorddeponi*, jf vedtak av 18.6.2014, sak 46/2014. Vidare vert det vist til klage frå Norconsult AS i skriv dagsett 23.6.2014 (motteke 8.7.2014 pr epost), supplert ved skriv dagsett 8.8.2014.

Kort om bakgrunnen for saka:

Framlegg til reguleringsplan for Hoplandsdalen jorddeponi vart handsama av Meland kommunestyre 18.6.2014. Kommunestyret gjorde følgjande vedtak:

«Meland kommunestyre avslår framlegg til reguleringsplan for Hoplandsdalen jorddeponi med planID 1256 2009 0003 med plankart datert 02.10.2013, føresegner datert 22.05.2014 og tilhøyrande planskildring. Dette med bakgrunn i de negative konsekvenser som tiltaket vil ha for nærmiljøet, både med tanke på støv og støyprobatikk, økt trafikk (ulykkesfare) i tilknytning til barnehage/skuleveg, samt usikkerheten rundt de miljømessige farene et deponi vil medføre for nærmiljøet og kulturområde Holmeknappen»

Ved skriv frå Meland kommune dagsett 20.6.2014 vart forslagsstillar (Vassbakk & Stol v/Norconsult AS) orientert om vedtaket. Samstundes vart det gjeve opplysningar om at vedtaket kunne påklagast etter reglane for enkelvedtak etter forvaltningslova § 28 flg.

Klage frå forslagsstillar vart deretter motteke 23.6.2014 (motteke 8.7.2014 pr epost) og supplert ved skriv dagsett 8.8.2014

I det supplerande klageskrivet dagsett 8.8.2014 vart følgjande opplyst frå forslagsstillar:

«Med utgangspunkt i kommunestyret si handsaming av saka 18.06.2014 vil forslagsstilleren Vassbakk & Stol AS (V & S) foreslå at adgangen til masseuttak/steinuttak vert teken ut av planen. På

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

den måten reduserast miljøkonsekvensane ytterlegare. Vi kan ikkje sjå at det er grunnlag for ei endring av planen ut over dette.

Revidert framlegg til plankart og reguleringsføresegner ligg ved.

Ut frå dette ber vi kommunen ta saka opp igjen til ny handsaming. Vi understreker at vi legg til grunn at ein slik reduksjon kan gjerast utan at dette medfører krav om ny utlegging til offentleg ettersyn av planforslaget.

Dersom kommunen vel å ikkje ta klagen til følge ber vi om at klagen vert sendt fylkesmannen til handsaming».

På bakgrunn av innhaldet i klagen og framlegget om redusert omfang av planen, fremja administrasjonen saka for ny handsaming i kommunestyret 15.10.2014, sak 60/2014. Følgjande vedtak vart gjort:

«Kommunestyret ber UDU handsame klagesaka.»

Alternativt forslag i kommunestyremøtet om å endre framlegg til reguleringsplan utan masseuttak fekk ikkje fleirtal, og fall.

Tilhøvet til klageretten etter forvaltningslova (fvl):

Alminnelig klagerett over kommunestyret sitt vedtak om å eigengodkjenne reguleringsplanar vart innført ved lovendring i 1978. Klageretten vart vidareført i § 27-3 i 1985-lova. Same klagerett følgjer i dag av pbl § 12-12 tredje ledd, som har følgjande ordlyd:

«Kommunestyrets endelige vedtak om reguleringsplan kan påklages, jf § 1-9»

I boka «Plan- og bygningsrett» (O. Pedersen mfl)s 296 er følgjande uttalt om omfanget av klageretten etter denne heimelen:

«Gjenstand for klagerett etter § 12-12 tredje ledd er kommunestyrets endelige vedtak om reguleringsplan [...] Det er vidare bare kommunestyrets vedtak om å regulere eller å omregulere som kan påklages. Et vedtak om ikke å regulere eller ikke omregulere et område, kan ikke påklages [adm. understreking]– se nærmere Frihagen III 1988 s. 371».

Det er ikkje tvilsamt at vedtaket om å avslå planforslaget ikkje kan påklagast til Fylkesmannen i Hordaland etter pbl § 12-12 tredje ledd eller forvaltningslova § 28 flg. Grunnen til det er at slike vedtak ikkje er enkeltvedtak etter legaldefinisjonen i forvaltningslova § 2 første ledd bokstav (b). Vedtaket inneber ikkje «rettigheter eller plikter til en eller flere bestemte personer».

På denne bakgrunn informerer Meland kommune om at tidlegare opplysningar om klagerett over kommunestyret sitt vedtak av 18.6.2014 har vore feil. Vedtaket kan etter lova ikkje påklagast og kommunen er bunden av dette.

Sakshandsamingsreglane knytt til private reguleringsplanforslag elles følgjer av plan- og bygningslova § 12-11. Desse har kommunen følggt i saka.

Orientering om vidare saksgang – Frist for uttale:

Med bakgrunn i det som er sagt ovanfor – som avvik frå det administrasjonen tidlegare har opplyst om klagerett – finn administrasjonen det rettast å informere forslagsstillar om dette og gjeve høve til uttale om klagen vert trekt, eller om ein har andre merknader til vidare handsaming.

Administrasjonen ber om tilbakemelding innan **4.2.2014**. Dersom kommunen ikkje høyrer frå dykk innan fristen, vil innsendt klage verte handsama. Slik saka er opplyst er det pårekeleg at klagen vil verte avvist, dvs at den ikkje vert realitetshandsama. Eit slikt avvisingsvedtak kan igjen påklagast.

Når det gjeld kommunestyret si handsaming av saka 15.102014 og vedtaket i kommunestyret, jf ovanfor, kjem det fram at informasjonen om klagerett til Fylkesmannen i Hordaland, ikkje kan utelukkst å ha hatt verknad for vedtaket. For å rette opp i dette og sjå til at kommunestyret treff vedtak i saka på grunnlag av korrekt informasjon, vil administrasjonen ved første høve etter utløp av ovan ståande frist for uttale frå forslagsstillar, fremje forslagsstillar sitt forslag med krav positivt reguleringsvedtak for redusert plan utan masseuttak for kommunestyret på nytt.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
konsulent byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Norconsult AS

Vassbakk & Stol AS